



Gunnvor Ullebust Frøvik
Mjelkeviksvegen 21

5457 Høylandsbygd

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	901 46 818	2025/7088-6		18.06.2025

Varsel om vedtak – pålegg om opprydding - tipp - 234/1

Miljøretta helsevern har motteke ei melding om ein tipp i Melkeviksvegen med gnr/bnr 234/1. Kommunen var på synfaring den 19.05.2025 og ved hjelp av koordinatar vart det stadfesta at eigedomen er dykkar. Kommunen har etter synfaringa snakka med deg som grunneigar om saka, der det vart informert om at eit varselbrev med frist for opprydding ville verta sendt ut.

Observasjon på synfaringa:

Ute på området som har ei utkøyning, sto det to avskilta bilar. Det var ei sterk lukt av eit kadaver som viste seg var ein daud sau som låg i skråninga i fyllinga. Då vi gjekk på nedsida av fyllinga kunne vi sjå at det var dumpa forskjellig avfall, sjå bilete i saka, JP 4. Området ber preg av ein dumpingsplass som tiltrekkjer seg mykje anna avfall enn berre organisk materiale som kvistar og hageavfall. Tippen ligg i ein bratt skråning nær sjø, og kan dersom plassen fortsatt får påfyll av avfall, strekkje seg heilt ned til sjøen. Det var også ein småbekk som gjekk forbi nede ved foten av fyllinga.

Varsel om pålegg om opprydding

I samsvar med forvaltningslova (fvl.) § 16 vert du som eigar av eigedomen Melkeviksvegen 49 førehandsvarsla om at kommunen kjem til å fatta vedtak om pålegg om å fjerne avfallet dersom ikkje avfallet som er dumpa på staden ikkje er rydda opp innan frist.

Heimelen for pålegget er forureiningslova (forurl.) § 7 fjerde ledd, forurl. § 37 første ledd og forurl. § 37 andre ledd.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg om opprydding

Forsøplinga er i strid med forurl. § 7, som har eit forbod mot å forureine og forurl. § 28, som har eit forbod mot forsøpling. Avfallet som er lagt på området regner vi som avfall etter forurl. § 27 første ledd: «Med avfall menes løse gjenstander eller stoffer som noen har kassert, har til hensikt å kassere eller er forpliktet til å kassere. (...)»

Vi gjer deg merksam på at sjølv om det viser seg at avfallet ikkje utgjør noko fare for akutt forureining så er dette ei avvikande avfallshandtering som ikkje er i tråd med gjeldande lovverk. Avfallshandteringa er skjemmande og kan skade eller vere ei ulempe for miljøet.

Kva kan du gjere no?

For å unngå pålegg må du gjere følgjande:

- Rydde opp og fjerne alt av avfall ved å frakte det til godkjent renovasjonsfirma for handtering av denne type avfall.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding til post@kvinnherad.kommune.no innan frist, 31.10.2025, med opplysningar om at du har rydda opp.
- Når avfallet er fjerna: leggje ved ein kopi av kvitteringa for at du har levert avfallet til eit godkjent renovasjonsmottak.

Vidare saksgang

Dersom det ikkje vert rydda opp innan fristen vil eit komande pålegg verta sendt ut der plan for fjerning vert kravd. Dersom pålegg blir gitt og pålegget ikkje blir følgt, kan forureiningsmynde syte for iverksetjing av tiltaka, jf. forurl. § 74. Utgifter, skade eller tap etter dette kan krevjast dekkja av den ansvarlege etter forurl. § 76.

Det kan vera aktuelt for kommunen å gå på synfaring etter at melding om at opprydding er gjennomført.

Uttalerett

Eventuell uttale på førehandsvarselet må sendast innan 2 veker frå brevets dato, jf. fvl. § 16. Eit førehandsvarsel er ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på, klagerett føreligg først dersom vedtak om pålegg vert gitt.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Synneve Skei
Konsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
Karen Løvfall Våge

Rosendalsvegen 10